

## Sak til styringsgruppa for Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus

Frå: Styringsgruppeleiar

Møtedato: 27. februar 2013

### Sak 17/13 «Raude responsar» - pasientar som har kome med kriterium kirurgisk og hastegrad «akutt» til Nordfjord Sjukehus

---

#### Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til etterretning. Funna i kartlegginga vert innarbeid i sluttrapporten.

#### Bakgrunn

Utviklingsprosjektet har registrert merksemda og uroa innbyggjarar, politikarar og presse har uttrykt i høve mogleg manglande eller ikkje tidsnok hjelp til kritisk skadde pasientar etter at ortopedisk avdeling ved Nordfjord sjukehus vart lagt ned i oktober 2011.

På denne bakgrunn har ein sett nærare på kor mange pasientar som i perioden 2009-2011 har blitt vurdert med hastegrad «akutt», og kirurgisk kriterium, dei såkalla «raude responsane». Som del av saksunderlaget i sak 30/12 *Pasientar med behov for akutt/rask bistand i samband med mindre alvorlege skader og hendingar - rapport frå arbeidsgruppa* vart det vurdert korleis pasientar med behov for akutthjelp i samband med mindre skader og behandlingsbehov kan takast hand om lokalt i Nordfjord. Det vart kartlagt kor mange pasientar som vart frakta med ambulanse til Nordfjord sjukehus i åra 2009 - 2011 med behov for kirurgisk behandling og kriterium «hastar» eller «akutt» (etter kriterier i Norsk Indeks for Medisinsk Nødhjelp). På det tidspunktet arbeidsgruppa si kartlegging vart utført, blei det ikkje gjennomført journalgransking med gradering av skadealvorlegheit i hendingane.

I denne saka har ein gjennom journalgjennomgang kartlagt skadealvorlegheitsgrad til dei pasientane som er registrert inn til Nordfjord Sjukehus med «raud respons» og kirurgisk kriterium i perioden 2009 - 2011. Journalgjennomgangen er utført av kodarar frå Traumesenteret ved Haukeland Universitetssjukehus i samsvar med retningsliner, og kartlegginga er godkjend av Personvernombodet i Helse Førde HF. Datamaterialet er innhenta frå akuttmedisinsk informasjonssystem (AMIS) ved Førde Sentralsjukehus (FSS) og Traumeregisteret ved Haukeland Universitetssjukehus (HUS).

Prehospitala tenester/ambulanse vurderer behovet for behandling av skadde pasientar utifrå eit felles system (kalla triagering), som består av tre kategoriar av responsbehov; «grøn» for dei mindre alvorlege skadene, «gul» for skader som hastar, men ikkje er kritiske,

og «raud» respons for dei mest alvorlege/akutte hendingane. «Raud respons» vert brukt ved hendingar som krev raskast responstid.

Traumepasientar skal etter Helse Førde sine eige prosedyrer sendast til Førde Sentralsjukehus eller Haukeland Universitetssjukehus. Dette vil gjelde i dei tilfellene der traumer skuldast:

- *Uklar situasjon*
- *Skademekanisme med høgenergi*
- *Mistanke om skade i bryst, buk, bekken*
- *Hovudskade m/reduert bevissthet*
- *og mistanke om alvorleg nakkeskade*
- *Multitraume*
- *Barn med større skade*

I tilfelle med mindre skader/traumer (eksempelvis fall med mistanke om enkle brot i ekstremitet) skulle pasientane behandlast/stabiliserast lokalt ifølgje flytskjema for Traumebehandling i Helse Førde, som var gjeldande i tidsperioden 2009-2011 (Traumebehandling – flytskjema Helse Førde II- FAGP.03-26).

Nordfjord sjukehus hadde fram til oktober 2011 ortopedisk avdeling, men var ikkje kategorisert som traumesjukehus.

## **Kartlegging av «raude responsar» med kirurgisk kriterium til Nordfjord Sjukehus i perioden 2009 - 2011**

Utviklingsprosjektet har kartlagt dei kirurgiske raude responsane til Nordfjord Sjukehus i denne perioden. Dei kirurgiske «raude pasientane» som ved journalgjennomgang er funne å ha ein traumerelatert innleggelsesårsak, er blitt skadealvorlegheitgradert av kodarar frå Traumesenteret ved HUS, basert på Injury Severity Score (ISS).

AMK i HF har søkt fram alle dei «raude responsane» med kirurgisk kriterium og leveringsstad Nordfjord Sjukehus i perioden 2009-2011. Datamaterialet er kontrollert oppimot data som er registrert ved Traumeregisteret ved HUS i same periode, og ein finn at det totale antal kirurgiske «raude pasientar» til Nordfjord Sjukehus i perioden 2009-2011 er 74. Journalane til alle desse 74 pasientane er blitt gjennomgått .


Ved journalgjennomgang til dei 74 «raude pasientane» finn ein at:

- 4 av 74 pasientar let seg ikkje spore forløpet til i journal (ufullstendig identifikasjon i AMIS)
- 8 av dei resterande 70 pasientane har ein *ikkje- traumerelatert* innleggelseårsak (det kan skuldast t.d. medisinske tilstandar som akutt naseblod eller anna)
- 12 av dei resterande 62 pasientane vart sende direkte frå skadestad til Førde Sentralsjukehus eller Haukeland Universitetssjukehus (ikkje vore innlagt ved NSH)
- Dette syner at det er totalt 50 pasientar med «raud respons» med kirurgisk kriterium som er mottekne ved Nordfjord Sjukehus i perioden 2009 -2011. Desse 50 pasientane

er alle blitt skadegradert, ettersom alle disse pasientane er innlagt på grunn av traumerelaterte årsaker.

I neste figur (figur 1) med dertilhøyrande tekst vert desse pasientane omtala som *traumepasientar*.

Oversikt over pasientar som er mottekne ved Nordfjord Sjukehus i perioden 2009-2011 med «raud respons» og kirurgisk kriterium



**Figur 1** Tal pasientar som er mottekne ved Nordfjord Sjukehus i perioden 2009-2011 med «raud respons» og kirurgisk kriterium, skadegradert etter Injury Severity Score

ISS <15 = Lettare skadd, ISS 15 – 25 = Moderat skadd, ISS > 25 = Alvorleg skadd

Journalgjennomgangen av dei 50 traumepasientane som er mottekne ved Nordfjord Sjukehus syner at:

- 92 % (46 av 50) av traumepasientane er lettare skadde. 15 av desse vart behandla poliklinisk.  
Det er velkjent frå slike kartleggingar at ein kan finne at alvorlegheitsgraden vert vurdert høgare når skadar vert melde og pasienten vert vurdert på skadestad, enn skaden i ettertid viser seg å vere. Omgrepet «over-triage» er nytta for dette fenomenet. *«De røde responsene representerer en balansegang mellom ønsket om å fange opp flest mulig akutte tilstander og ønsket om å unngå unødige utrykninger».* (Norsk Indeks for Medisinsk Nødhjelp).
- 4 % (2 av 50) av traumepasientane var moderat skadde
- 4 % (2 av 50) av traumepasientane var alvorleg skadde

42 av dei 50 traumepasientane vart mottekne og ferdigbehandla\* ved Nordfjord Sjukehus. Gjennomsnittleg liggetid for desse pasientane er 2, 8 døgn. Av dei 42 pasientane som vart mottekne og ferdigbehandla ved Nordfjord Sjukehus vart 15 pasientar utelukkande poliklinisk behandla ved Nordfjord Sjukehus.

Dei resterande 8 av i alt 50 traumepasientar, vart innlagde ved Nordfjord Sjukehus, men overflytta i løpet av opphaldet til Førde Sentralsjukehus eller Haukeland Universitetssjukehus.

## Behandling Nordfjord Sjukehus

Traumepasientane som vart innlagt ved Nordfjord Sjukehus med det som i ettertid er skadegradert til å vere lettare skader, fekk ulike former for behandling ved Nordfjord sjukehus. Dette dreier seg i stor grad om enkle beinbrot og/eller sårstell/suturering.

Traumepasientane som er innlagt ved Nordfjord Sjukehus med moderat/alvorleg skade, er handsama ved Nordfjord Sjukehus i samråd med det regionale Traumesenteret ved Haukeland Universitetssjukehus.

Ingen av dei 50 traumepasientane som er mottekne ved Nordfjord Sjukehus hadde behov for hemostatisk naudkirurgi ved Nordfjord Sjukehus. Det vil sei at dette er pasientar som ikkje gjennomgjekk øyeblikkeleg kirurgi ved Nordfjord Sjukehus med den intensjon å stanse livstruande blødning.

\*Ferdigbehandla vil sei at pasienten ikkje vart overflytta til anna sjukehus før utskrivning/evt. død.

